



## Referat frå styremøte i styret for Betel onsdag 30. november 2016 kl. 1800

### Tilstades

Oddvar Hægeland (2015-2016)

Øystein Kvamme (2016-2017)

Sigrid T. Lofstad (2015-2016)

Sigrun Lønning Solvang (2015-2016)

Opning ved Sigrid frå Ef. 2.

#### **Sak 28/16: Godkjenning av referat frå styremøte 5. oktober 2016**

Vi gikk gjennom sakene, oppdaterte kva som hadde skjedd sidan sist og godkjente referatet.

#### **Sak 29/16: Retningslinjer for fellesmøtekomiteen**

Styret hadde følgande merknader: Vi vil gjerne ha inn juletefesten 3. juledag som eit fellesmøtearrangement i samarbeid med Sundvang. Det som står om Kviteseid Misjonsmenighet og ansvar for kassa, må tas bort. Det bør liggje på komiteen. Vi har også forslag om at Godhetsveka skal inn som felles arrangement i mai. Oddvar orienterer Olav om dette.

#### **Sak 30/16: Førebuing og planlegging av årsmøte**

Vi må ma. ha ny person til valkomite og revisor etter Aslaugs bortgang. Vedtak på dato: Sondag 5. februar. Elles forslag om meir planlegging på eit styremøte i januar.

Spørre Magnus Kvalbein kan vere revisor (Oddvar spør).

Spørre Gunnhild om å gå inn i valkomiteen (Sigrid spør).

Sigrid sit i komiteen for Godhetsveka.

#### **Sak 31/16: Ein del småsaker til orientering og rask drøfting:**

- Felles juletefest på Sundvang 3. juledag  
Olav Holm undersøker interessen og kjem tilbake til oss med responsen.
- Opning av nye Fredheim  
Vi har fått invitasjon og sender Øystein med helsing og blom.
- Sal av trailsykkel  
Sykkelen er solgt for 6500. Vi takkar Sverre som stod for salet og ordna opp i det praktiske rundt dette.

- Leiarkonferanse siste helga i januar  
Tre frå styret reiser på dette og satsar på ei inspirerende helg. Menigheten blir belasta for utgiftene. Påmeldinga blir gjort av Sigrun.
- Organisering av sundagstreff når vi har besøk av kor  
Det er eit gammalt vedtak i komiteen for sundagstreff om at vi ikkje har vaksentale når vi har besøk av kor. Styret er samd i dette. Vi må tenke desse samlingane som familiemøte.

**Sak 32/16: Besøk av Viggo Klausen og opplegget Velkommen hjem**

Styret synest dette ser ut som eit kjempespanande opplegg, men ser at det blir arbeidskrevande. Vi vil ta opp dette som ei sak på årsmøtet for å lodde stemninga i forhold til om vi klarer å stille med nok ressursar. Viss det blir aktuelt, må det settast ned ein komite, og mogleg gjennomføringsperiode kan vere hausten 2017.

**Sak 33/16: Planlegging av vårterminen og møteplan**

Sundagstreff: 15/1, 29/1, 12/2, 5/3, 19/3, 2/4, 21/5, 18/6. 7/5 er det Soul Children jubileumskonsert i kyrkja. 9/4 påskefrukost. 21-23. april Fellesmøter. 8-13. mai Godhetsveka. Til neste gong lagar Oddvar forslag til plakat og møteliste. I tillegg kjem det truleg ein bibeltime med Amund 8. januar kl. 18 eller 19 (Sigrun spør). Vi prøver elles å få til ein lovsangskveld med lovsangsbandet (Oddvar snakkar med Gunvor om det er mogleg t.d. 26/2). Song- og musikkmøte (lågterskel)? Andre møte: Vi tar det opp som sak på årsmøtet og høyrer om det er behov for andre møte.

**Sak 34/16: Styremøtedatoar til våren**

11/1, 1/3, 26/4 og 21/6

**Sak 35/16: Eventuelt**

Sping: Vi har ikkje kapasitet til å få det i gong akkurat no. Det ser ut til at det vil vere ein fordel om den som administrerer Sping også er kasserer. Vi kjem tilbake til dette etter årsmøtet og med nytt styre.

Info ved Sigrid:

Vi skal telle talet på møtedeltakarar i november. Sigrid har gjort det og sender inn resultatet.

*Oddvar Hægeland, sekretær*